

Regional kystsoneneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Planprogram

Vedtatt i Fylkesutvalet 24. april 2013



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**



Foto: Inge Døskeland

Innhald

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Rammer	2
1.3 Geografisk avgrensing av planområdet.....	2
2. Føremål med planarbeidet.....	4
3. Føringar for planarbeidet.....	4
3.1 Nasjonale føringar	4
3.2 Regionale føringar	8
3.3 Tilgrensande planar under arbeid	8
4. Plantema.....	9
4.1 Berekraftig kystzoneplanlegging	9
4.2 Strandsona	10
4.3 Akvakultur.....	11
4.4 Sjøtransport og maritim næring	12
5. Trong for utgreiingar	13
5.1 Eksisterande kartleggingar:	13
5.2 Trong for analysar og registreringar:	13
5.3 Konsekvensutgreiing (KU):.....	14
6. Planprosessen	15
6.1 Organisering og deltakarar	15
6.2 Politisk handsaming og medverknad.....	15
6.3 Framdrift	16

1. Innleiing

Fylkeskommunen har eit særskilt ansvar for regional utvikling og skal medverke til ei positiv og berekraftig utvikling i heile Hordaland.

For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal utdjupe føremålet med planen, fastsetje organisering, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Planprogrammet dannar grunnlaget og rammene for arbeidet med sjølve planen og skal avklare kva for utgreiingar og analysar som er naudsynt for å gjennomføre planarbeidet.

Hordaland fylkeskommune som regional planstyresmakt utarbeidar forslag til planprogram i samarbeid med aktuelle kommunar og relevante statlege instansar. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn med minst seks veker frist. Gjennom delegasjonsreglementet har Fylkesutvalet fullmakt til å vedta planprogram for regionale planar.

1.1 Bakgrunn

I Regional planstrategi for Hordaland 2010-2012 er *Regional plan for Sunnhordland – sjø, strandsoneareal og transport* vedtatt som eitt av planarbeida som skal startast opp i perioden.

Bakgrunnen for planarbeidet er skildra slik i planstrategien:

Hordaland er eit leiande akvakulturfylke. Akvakulturnæringa har dei siste åra vorte råka av fleire forhold som gjer omstilling nødvendig. Samstundes er det komme nye verktøy i planlova som gjer revisjon av planar aktuelt. Skaldyr og andre nye oppdrettsartar har ikkje etablert seg i næringa slik ein trudde, medan laks- og aureoppdrett har utvikla seg i nye retningar og er råka av alvorlege miljøproblem i samband med rømming, lakselus og anna sjukdom. Ein må sjå på tiltak som fører til gode tilhøve for villaks og aure i vassdraga. Det er vanskeleg å planleggje for ein berekraftig struktur på akvakulturområdet utan å sjå ut over kommunegrensene. Konflikstar i høve til akvakultur er knytt til sjukdom, biologisk mangfald, fiske, friluftsliv og fritidshus i strandsona. Dei venta omstillingane vil kunne auke konfliktane med farleier og sjøtransport. Fiskeri er ei viktig næring. Fiskeområda må bli teken vare på, saman med areal og infrastruktur til fiske og fiskemottak. I tillegg er utnytting i strandsona eit vedvarande konfliktområde. Sunnhordlandskommunane har gått i gang med meir detaljerte analysar for å komme fram til ein eins oppfatning av politikken i strandsona.

Føremål med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og utvikle eit langsiktig samferdselsnett med trygge farleier, gode ferje- og hamneområde og eit tenleg vegtransportnett.

I brev av 29. april 2011 vart Samarbeidsrådet i Sunnhordland, kommunane i regionen, i tillegg til kommunane Kvam, Jondal og Vindafjord, og sentrale statlege etatar, gitt høve til å kome med innspel til organiseringa av arbeidet med planprogrammet for Regional plan for Sunnhordland. Partane stilte seg i hovudsak bak det forslaget som fylkesrådmannen sendte ut.

Fylkesutvalet for Hordaland vedtok oppstart av planarbeidet og organisering av arbeid med planprogram i møte 10. november 2011.

Politisk kontaktutval:

Inge Reidar Kallevåg, Fylkesutvalet

Liv Kari Eskeland, leiar Samarbeidsrådet for Sunnhordland, ordførar i Stord kommune

Kjetil Hestad, nestleiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, ordførar i Tysnes kommune

Programkomiteen:

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga v/ plansjef Marit Rødseth
Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, v/ seniorrådgjevar Jostein Klette
Kystverket Vest, v/ seniorrådgjevar Johan Sørensen
Mattilsynet, distriktskontoret for Sunnhordland v/ distriktssjef/veterinær Arne Oftedal
Fiskeridirektoratet Region Vest v/rådgjevar Ingerid Bjørkevoll
Statens vegvesen region vest v/seniorrådgjevar Erling Hodneland
Kvinnherad kommune v/planleggjar Kjartan Thoresen
Samarbeidsrådet for Sunnhordland v/dagleg leiar Gro Jensen Gjerde

Sekretariat Hordaland fylkeskommune

Eva Katrine Ritland Taule, seniorrådgjevar, Regionalavdelinga, planseksjonen
Endre Korsøen, Regionalavdelinga, klima- og naturressursseksjonen
Inge Døskeland, seniorrådgjevar, Regionalavdelinga, næringsseksjonen
Siri Hanson, seniorrådgjevar, Regionalavdelinga, næringsseksjonen
Torill Klinker, rådgjevar, Samferdselsavdelinga, transportplanseksjonen

1.2 Rammer

Regional plan for Sunnhordland er heimla i § 8-1 i plan- og bygningslova. Ein regional plan etter plan- og bygningslova er regional planstyresmakt (fylkeskommunen) sitt planverktøy for å utforma regional politikk innanfor prioriterte område. Regional plan skal leggjast til grunn for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Planen skal avløysa Fylkesplan for Hordaland og fylkesdelplan for Sunnhordland innanfor det aktuelle tematiske og geografiske området.

Det vert lagt opp til at planen skal ha retningslinjer for arealbruk samt plankart som synleggjer desse og eventuelt regionale planføresegner. Ved vedtak av regionale planføresegner får desse juridisk verknad, også for private utbyggarar og kommunane.

Planen skal ha eit handlingsprogram for gjennomføring. Handlingsprogrammet skal gje eit oversyn over tiltak for å nå mål, strategiar og retningslinjer som er fastlagt i planen. Handlingsprogrammet skal fokusere på tiltak i første fireårsperiode, men kan også formulere tiltakspunkt for resten av planperioden. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Tidsperspektivet i planen er 12 år.

1.3 Geografisk avgrensing av planområdet

Kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes, Fusa, Kvam og Jondal utgjer planområdet. Desse kommunane grensar mot Sunnhordlandsbassenget og ytre Hardangerfjorden som felles sjøområde.

Vindafjord kommune i Rogaland (tidlegare Ølen kommune) har også sjøområde som ligg innafor Sunnhordlandsbassenget. Sjøarealet i Vindafjord vert ein del av planområdet med føresetnad om felles vedtak i Rogaland fylkeskommune.



Figur 1. Geografisk avgrensning av planområdet.

2. Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjøretta næringsareal.

3. Føringer for planarbeidet

3.1 Nasjonale føringer

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging

Her er relevante forventingar i høve til det regionale planarbeidet trekt fram:

Samferdsel og infrastruktur

Fylkeskommunene og kommunene i samarbeid med statlige fagmyndigheter bidrar til at godsterminaler og havner utvikles som effektive logistikknutepunkt, og at det i planlegging av sjøområder tas hensyn til farledene for skipstrafikken.

Verdiskaping og næringsutvikling


Planleggingen legger til rette for å opprettholde og videreutvikle fiskeri- og havbruksnæringen innenfor en miljømessig bærekraftig ramme. Arealbehovet for havbruksnæringen ses i et regionalt perspektiv, og framtidens arealstruktur bidrar til en balansert og bærekraftig sameksistens med andre interesser i kystsonen og langs vassdrag.

Natur, kulturmiljø og landskap

- *Planleggingen bygger på oppdatert og tilgjengelig kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsverdier. Nødvendig kartlegging og vurdering av disse verdiene inngår i planleggingen.*
- *Naturmangfoldlovens alminnelige bestemmelser om bærekraftig bruk legges til grunn for planlegging som berører naturmangfold. Forekomster av utvalgte naturtyper og prioriterte arters økologiske funksjonsområder innarbeides i planlegging på land og i sjø.*
- *Fylkeskommunene og kommunene bidrar til økt bevissthet og kunnskap om landskapsverdier og ivaretar landskapshensyn i planleggingen.*
- *Fylkeskommunene og kommunene legger til rette for friluftsliv ved å ta vare på og videreutvikle grønnstrukturen.*

Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Retningslinjene føl opp plan- og bygningslova 2008, der byggeforbodet langs sjøen er vidareført og stramma inn. Målet er å ivareta allmenta sine interesser og unngå uheldig bygging. I 100-metersbeltet skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er gjennomført ei geografisk differensiering der vernet er mest strengt i sentrale område der presset er stort. Sunnhordlandsregionen er innafør område med mindre press på areala, men kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes er plassert i kategorien i ein prøveperiode og skal vurderast på nytt i 2014.



Figur 2. Geografisk differensiering i SPR strandsona

St.meld. nr. 25(2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken.

Eit hovudmål med meldinga er å gje kommunar og lokalsamfunn evne til å nytte lokalt handlingsrom og styrkje den lokale vekstkrafta. Regjeringa har som mål at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. Dette er også viktig for å kunne oppretthalde eit spreitt busettingsmønster, som tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten til landet. Det skal sikrast likeverdige levekår og ta i bruk ressursane i heile landet.

Nasjonal transportplan (NTP) 2010-2019

NTP er staten sitt viktigaste transportpolitiske rammeverk. Det overordna målet i NTP er: *Å tilby eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert og miljøvenleg transportsystem som dekkjer samfunnet sine behov for transport og fremjar regional utvikling.*

I NTP er det i godstransportstrategien tiltak for å forsterke sjøtransportens stilling i markedet fordi det er eit miljøvenleg alternativ og fordi det ein naturleg transportform for Noreg som transportnasjon.

Strategi for en miljømessig bærekraftig havbruksnæring, Fiskeri- og kystdepartementet

Regjeringa sin strategi tar for seg 5 hovudområde med mål og tiltak. Det er genetisk påverknad og rømming, forureining og utslepp, sjukdom medrekna parasittar, arealbruk og fôrressursar. Det er eit mål at havbruksnæringa har ein lokalitetsstruktur og arealbruk som reduserer miljøpåverknad og smitterisiko.

Strategi for en konkurransedyktig norsk havbruksnæring, Fiskeri- og kystdepartementet

Regjeringa sin strategi peiker på marknadsutfordringane, berekraftig vekst og trygg sjømat, ein framtidsretta næringspolitikk samt forskning og utvikling.

Etnefjorden - Nasjonal laksefjord

Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder – FOR 2009-06-22 nr 961

Forskrifta skal bidra til at et utval av dei viktigaste laksebestandane vert gitt særleg vern ved å stille særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder.

Hardangerfjorden – Nye forvaltningstiltak

Instruks til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet frå Fiskeri- og kystdepartementet datert 8.4.2008 med frysing av biomassen i Hardangerfjorden, Klosterfjorden og Bømlafjorden ut i frå fjordområdets bereevne, tilhøve knytt til fiskehelse og parasittar, dei ville bestandane av laks og sjøaure samt oppdrettsnæringa sine langsiktige utviklingsmoglegheiter.



Figur 3. Avgrensning Hardangerfjorden

Særskilte regler for Hardangerfjorden

Forskrift om endring av forskrift om løyve til akvakultur for laks, aure og regnbogeaure, § 37a av 8.3.2011.

a.) Det kan ikke klareres nye lokaliteter eller utvidelser for tillatelser til matfisk av laks, ørret og regnbueørret i sjøvann etter laksetildelingsforskriften § 30 i Hardangerfjorden.


b) Det tillates ikke samlokalisering etter melding iht. laksetilordningsforskriften § 37. Etter søknad kan det gis tillatelse til utviding eller klarering av akvakulturlokalteter eller samlokalisering til eksisterende virksomheter dersom dette er nødvendig eller klart fordelaktig med hensyn til miljømessig bærekraft.

Same avgrensning av Hardangerfjorden gjeld i siste utkast til forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden som vart send på høyring 16.2.2011. Denne høyringar omhandlar det geografiske og saklege verkeområde for forskrifta, reglar om tak på biomasse og metode for å ta ned produksjonskapasiteten. Saka er til handsaming i Fiskeri- og kystdepartementet.

Soneforskriften

FOR 2010-07-14 nr 1123: Forskrift om sone for å forebygge og bekjempe lus i akvakulturanlegg i kommunene Os, Samnanger, Fusa, Tysnes, Austevoll, Kvinnherad, Jondal, Kvam, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio, Vindafjord og Etne kommuner, Hordaland og Rogaland.

Føremålet med forskrifta er å samordna tiltak mot lakselus i sona for å hindra at parasitten har bestandsregulerande effekt på vill laksefisk og for å hindra skader på laksefisk i akvakulturanlegg.



Figur 4. Avgrensning soneforskriften

3.2 Regionale føringar

Klimaplan for Hordaland 2010-2020

har visjon og hovudmål om klimagassutslepp, energi og klimatilpassing. Det er eit mål for arealbruk i planen at: *Hordaland skal ha ein effektiv arealbruk som reduserer behovet for reising, stimulerer til meir miljøvenleg transport og unngår nedbygging av verdifulle areal.*

Regionalt utviklingsprogram 2012

Marine og maritime næringar er blant fleire næringar med særskilte føremonar i Hordaland.

Marine næringar: Hordaland er ein sterk fiskeri- og havbruksregion og eit nasjonalt kunnskapssenter innan viktige marine tema. Desse føremonane er grunnlag for å styrka berekraftig marin næringsutvikling med mål om å etablere lønsame distriktsarbeidsplassar. Viktige tema er m.a. berekraftig arealbruk, optimal lokalisering, biomarin industri. Maritime næringar: Hordaland har ein komplett maritim klynge kor mange av aktørane er i verdensklasse på sine områder. Den maritime klynga er svært viktig for Hordaland og er stor i omsetnad og verdiskaping.

Innspel til Sjømatmeldinga

Fylkesutvalet vedtok i møte 22.06.2012 innspel til meldingsarbeidet i Fiskeri – og kystdepartementet om Noreg som verdas fremste sjømatnasjon. Her er utdrag frå relevante vedtakspunkt:

3. *Fylkesutvalet ynskjer at næringa må få tilgang på produksjonsareal i sjø for å kunne auke verdiskapinga og for å oppnå miljømessig berekraft.*

4. *Regional plan for Sunnhordland vert foreslått som pilotplan for heilskapleg planlegging for ein berekraftig havbruksnæring.*

I sak 219/12 bad Fylkesutvalet fylkesrådmannen om å fremje ei søknad om pilotfylke for heilskapleg forvaltning av havbruk.

3.3 Tilgrensande planar under arbeid

I framlegg til regional planstrategi er det foreslått rullering av kystsoneplan for Hordaland. Arbeidet er foreslått starta opp etter at ein har hausta erfaring med Sunnhordlandsplanen.

Regional transportplan

Regional transportplan for Hordaland(RTP) var på høyring fram til 30. juni. Det vert endeleg handsaming av planen i Fylkestinget hausten 2012.

Forvaltingsplan for vatn

Hordaland fylkeskommune er vassregionmyndigheit og har ansvar for gjennomføring av planprosessen til forvaltningsplanen som skal vedtakast av fylkestinget og sendast til sentral godkjenning innan utgangen av 2015.

Regional næringsplan

Planprogrammet vart vedtatt i januar 2012. Planframlegget er under utarbeiding.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel

Planprogrammet er under utarbeiding og det er lagt opp til høyring hausten 2012 med vedtak våren 2013.

Interregional plan for Haugalandet – Haugalandet mot 2050

Planarbeidet omfattar i Hordaland kommunane Etne og Sveio. Planprogrammet vart vedtatt i fylkestinget i Hordaland i juni 2011 og planframlegg er under utarbeiding.

Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har vedtatt å starta opp arbeidet med interkommunal strandsonenplan. Planarbeidet omfattar kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes og Fusa. Planprogrammet var på høyring i perioden desember 2011 til februar 2012. Det er venta at arbeidet med utarbeiding av plan vil starta i løpet av hausten 2012. Sunnhordland har fått nasjonal status som pilotregion for differensiert forvaltning av strandsona.

Den interkommunale planen skal vere eit overordna styrande plandokument for arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakinge kommunane. Planen skal visa arealføremål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona. Planen skal også konkretisera og visa korleis statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen skal forståast for Sunnhordlandsregionen for fortetting, allmenne interesser, utbyggingsareal, næringsutvikling og høve for fritidsfiske.

Planarbeidet har direkte relevans for regional plan for Sunnhordland. Planprosessane vil gå parallelt og gjensidig påverka kvarandre. Samarbeidsrådet vil vere ein viktig medspelar i planarbeidet og Hordaland fylkeskommune ved planseksjonen på regionalavdelinga er representert i både styringsgruppe og ressursutvalet i det interkommunale planarbeidet.

Strandsonearbeidet i den interkommunale planen vil ha eit meir detaljert og kommuneretta fokus enn i det regionale arbeidet.

4. Plantema

4.1 Berekraftig kystsoneplanlegging

Det er mange interesser som krev areal i sjø; havbruk, sjøtransport, fiskeri, forsvaret, næringsinteresser som skjelsandoptak og reiseliv, friluftsliv og fritidsbruk. I tillegg er det dei stadeigne kvalitetane som natur-, landskaps- og kulturminneverdiar. Dette er tilhøve som i dag vert handtert i kommunale arealplanar, men gjennom regional planlegging kan ein løfte skalaen for planlegging for å finna ein meir overordna struktur.

Sunnhordlandskommunane var tidleg ute med kystsoneplanlegging ut i frå at havbruk var ein viktig drivkraft for planlegging i sjø. Mange av kommunane har hatt eigne kystsoneplanar som etter kvart er innlemma i kommuneplanens arealdel. Det er likevel ikkje mange av kommunane som har hatt ein fullstendig revisjon av sjødelen i kommuneplanen etter at ny plan- og bygningslov tråtte i kraft i 2009 med nye rammar for planlegging i sjø.

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland vart vedtatt i 2001. Tilhøva i kystsona og rammevilkåra for planlegging er endra på desse åra. Regional planlegging for sjøområda vil sette fokus på og gje auka kompetanse på regionalt og kommunalt nivå for dette temaet.

Marint naturgrunnlag

Det marine økosystemet gjev grunnlag for fiskeri, fritidsfiske og anna ressursbruk, men har også verdi i seg sjølv. Innafor planområdet er det gytefelt for fjordtorsk og brisling, viktige oppvekst- og beiteområde, vandringsveggar for sjøaure og villaks og eit rikt biologisk mangfald i både grunne og svært djupe sjøområde. Ivaretaking av det marine naturgrunnlaget er ein viktig del av berekraftig kystsoneplanlegging.

Fiskeri

Det marine økosystemet gjev grunnlag for yrkesfiske for både lokale og tilreisande fiskarar. I planområdet er det trålfelt, kaste- og låssettingsplassar og fiskerihamner som er dei viktigaste bruksområda. Desse områda er under press frå andre interesser som utbyggingar i strandsona, akvakultur, leidningar og kablar i sjøen samt båttrafikk. Sikring av fiskerihamner og dei naturgjevne fiskeområda vil vere ein av utfordringane i planarbeidet.

Friluftsliv og ressurs for båtliv og reiseliv

Sjøområda og skjergarden i Sunnhordland og ytre Hardanger gjev gode tilhøve for friluftsliv, ikkje minst for det båtbaserte friluftslivet. Fritidsfiske heng naturleg saman med det båtbaserte friluftslivet. Dette er ein viktig del av det som gjer regionen attraktiv og er difor ein viktig ressurs for reiselivet. Dei seinare åra har bruken av havkajakk tatt seg opp, samstundes som vi ser nye formar for fritidsbåtar som til dømes vass-scooter. Dette gjev utfordringar i høve til bruken av sjøområda.

Konkretisering:

I planarbeidet vil ein lage retningslinjer for arealbruk i sjø med fokus på berekraft til bruk og støtte for kommunal planlegging i sjø. Retningslinjene vil verte synleggjort på plankart.

Plan- og bygningslova skal fremja berekraftig utvikling. Med uttrykket meinast definisjonen frå Verdiskommisjonen for miljø og utvikling 1987:

En utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.

Omgrepet handlar om balansen mellom økonomisk og sosial utvikling og ivaretaking av miljøomsyn.

4.2 Strandsona

Strandsona i Sunnhordland er ein attraktiv ressurs for regionen i høve til busetjing og næringsutvikling samtidig som den har vore eit konfliktområde i høve til utbygging. Lokalt ynskje om utbygging har ikkje vore i samsvar med lov, regelverk og nasjonal politikk. Mange einskildsaker som bygging av naust og mindre båtanlegg på dispensasjon frå overordna plan har prega situasjonen. Hyttebygging i strandsona har også vore eit konflikttema.

Strandsonevernet vart skjerpa gjennom vedtak av ny plan- og bygningslov. I § 1-8 går det fram at i 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Andre tiltak enn fasadeendringar kan etter lova ikkje setjast i verk. Forbodet gjeld ikkje der annan byggegrense er fastsett i kommuneplanen sin arealdel eller reguleringsplan, eller at føresegner til planen opnar for oppføring av bygg til landbruk, fiske, akvakultur eller ferdsel.

Dei statlege planretningslinjene vart fastsett i mars 2011. Dei skal tydeleggjøre nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet og gje statlege føringar for kommunal og regional planlegging. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig utbygging. Gjennom planlegging skal strandsona vurderast heilskapleg og langsiktig. Arealbruken skal vurderast konkret i høve til dei interesser som er gjeldande i ulike delar av strandsona. I regionale planar kan det gjerast heilskaplege vurderingar av strandsona ut over den einkilde kommune.

Konkretisering:

I planen skal det lagast regionale retningslinjer for arealbruk i strandsona med eit overordna fokus. Plankartet skal synleggjere retningslinjene og vise regionalt viktige landskapsområde, friluftsområde, kulturminne og naturområde.

4.3 Akvakultur

Akvakultur er ein stor og viktig næring i Sunnhordland, med årleg produksjon på rundt 300 000 tonn slakta fisk. Samstundes er regionen med Hardangerfjorden landet sitt tettaste oppdrettsområde med utfordringar i høve til miljø og fiskehelse. Næringsstrukturen er kommuneovergripande, men i høve til arealforvaltning i sjø er det kommunale arealplanar som legg rammene.

Næringsutfordringar

Dagens laksenæring treng tilgang på gode produksjonsareal i sjø for å kunne vokse og for å kunne drive berekraftig. Det er ein utfordring å finne nye og optimale areal og lokalitetar. Mange akvakulturområde i dei vedtekne kommuneplanane er for små, ikkje minst i høve til fortøyingsanlegga som er store og omfattande. Dette førar til at det må gjennomførast dispensasjonsprosess ved mindre justeringar av anlegga. Gjennom heilskapleg planlegging på regionnivå kan det lettare lagast ein overordna struktur for gode produksjonsareal. Balansen mellom langsiktig føreseielegheit for næringa og samstundes fleksibilitet i høve til utviklinga i næringa er ei utfordring.

Utfordringar i høve til miljø og fiskehelse

Påverknad frå havbruk gjennom rømming og lakselus er ei stor utfordring for villaks og sjøaure i Sunnhordlandsbassenget og Hardangerfjorden. Fiskeri- og kystdepartementet sendte i april 2008 ut instruks til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet om igangsetjing av tiltak for å styrkje fjordområdets bereevne og dei ville bestandane av laksefisk i området. Det vert ikkje tillate nye lokalitetar eller utviding av eksisterande innafor området. Det vart igangsett arbeid med "Hardangerfjord-forskrift" for å sikre omsyn til miljø, helse og berekraftig utvikling av oppdrettsnæringa. Utkast til forskrift har vore på høyring 2 gongar. Det vart også fastsett eigen forskrift for å førebyggja og bekjempe lus i akvakulturanlegg i Sunnhordland inkludert Os, Samnanger og Fusa for å hindre at lakselus har bestandsregulerande effekt på vill laksefisk, hindre resistens og for å hindre skade på laks i akvakulturanlegg.

Sjukdom er ei utfordring for næringa som førar til svinn og tap i produksjonen. Tettleik av lokalitetar i eit område og høve for smittespreiing er faktorar som påverkar sjukdomsutbrot. Brakklegging av lokalitetar er eit godt tiltak med naudsynt synkronisering av tidspunkt.

Ekspertutvalsrapporten "Effektiv og bærekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær" peiker på strukturendringar med inndeling i produksjonsområde med smittehygieniske barrierar som "branngater" som framtidsretta løysingar. Det er venta at tilrådingane frå utvalet vert handsama i Sjømatmeldinga som er venta lagt fram ved årsskiftet 2012-2013.

Konkretisering:

Det vert lagt opp til å lage ein struktur for lokalisering av akvakulturområde i planområdet som sikrar næringa gode og eigna produksjonsområde samstundes som det vert tatt høgde for noverande og framtidig sjukdomsutfordringar. Strukturen skal synleggjerast i plankartet. Bruk av regionale planføresegner kan gjere lokaliseringsstrukturen juridisk bindande inntil den vert implementert i kommunale planar.

4.4 Sjøtransport og maritim næring

Maritim næring er viktig i Sunnhordland og ytre Hardangerfjorden. Tilrettelegging av infrastrukturen for næringa er naudsynt for vidare utvikling. Næringsareal til sjø, ankringsområde, djupvasskaiar, gode hamneområde og sikre farleier er viktige stikkord.

Kystverket har utarbeidd ei utgreiing som omhandlar hovudleier og bileier fram til stamnetthamner. Bergen og Stavanger er relevante stamnetthamner i dette planarbeidet. Det er vedtatt lokalitetar for nødhamner i planområdet. Desse har verknader for andre arealbruksinteresser som akvakultur, friluftsliv, biologisk mangfald og andre allmenne interesser.

I Hordaland er det mange fiskerihamner, der Austevollshamnene Storebø, Austevoll fiskerihamn og Torangsvåg er særleg aktive.

Småbåthamner er eit aktuelt tema i planområdet. Lokalisering av småbåthamner vil vere tema i den interkommunale strandzoneplanen for Sunnhordland. På regionalt nivå kan problemstillinga handterast gjennom retningslinjer for lokalisering.

Cruisetraffikk i Hardangerfjorden er ei aukande transportform med særeigne krav.

Konkretisering:

Infrastrukturen for sjøtransport og maritim næring skal visast i plankartet med retningslinjer for arealbruk. Dette gjeld farleier, nødhamner og hamneområde. Regionalt viktige næringsareal til sjø skal lokaliserast og synleggjerast.

5. Trong for utgreiingar

5.1 Eksisterande kartleggingar:

Akvakultur: Oversyn over klarerte oppdrettslokalitetar i Hordaland er tilgjengeleg. Eventuelle endringar vert oppdatert dagleg.

Havbruksanalyse for Sunnhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2001. Analysen viser eigna areal for ulike havbruksartar. Behov for oppdatering/revisjon.

Fiskeri: Pågåande kartlegging i Fiskeridirektoratet som skal vere ferdige til 1. juli 2013. Dette gjeld fiskeriressursane, gyteområde, fiskebruksområde og låssettingsplassar.

Fiskehelse: Mattilsynet har oversikt over biomasse, dødelegheit, lakselusbestand og medikamentbruk.

Sjøbotn: HFK har bestilt kartlegging av sjøbotnen i Hordaland frå sjøkartverket.

Naturmangfald: Marint naturmangfald er kartlagt i planområdet og finst i Naturbasen.
Kartlegging av fremmede marine arter i Hordaland, Direktoratet for naturforvaltning 2012.

Forskningsprosjektet EPIGRAPH i regi av Havforskningsinstituttet og andre forskings-institusjonar skal dokumentera og kartleggja menneskeleg påverknad på økosystemet i Hardangerfjorden. Gjennom prosjektet har Havforskningsinstituttet kartlagt diverse parameter; straum, temperatur, saltinnhald, eutrofieringsgrad, makroalgar, dyre-plankton, sårbare habitat og fjordøkologi.

Prioriterte strakstiltak for sikring av ville bestandar av laksefisk i Hardangerfjordbassenget i påvente av langsiktige forvaltningstiltak, Framlegg til styringsgruppa for pilotprosjekt Hardangerfjorden.

Landskap: Landskapstypar i Hordaland er kartlagt og verdisett, 2011.

Friluftsliv: Friluftsområde med regional verdi er kartlagt og verdisett og ligg på HFK sine heimesider, Kartivest.

Kulturminne: Data om kulturminne finst i Askeladden og SEFRAK-registeret. Desse må systematiserast for å nyttast. Det er trong for oppdatering av registreringar av til dømes gamle sjøbruksmiljø. Oversikt over marine kulturminne finst på Kartivest.

Stord kommune har kommunal kulturminneplan. Sveio og Fitjar kommunar får fylkes-kommunal støtte til utarbeiding av dette. Dei kommunale planane er gode kunnskapskjelder også for regionalt planarbeid.

5.2 Trong for analysar og registreringar:

Akvakultur:

Havbruksanalyse med fokus på næringas moglegheiter innafor gitte rammer og framtidige behov i høve til produksjon av laks og sjøaure i sjø. Viktige element er optimal og overordna struktur, produksjonssonar, smittehygiene, fiskevelferd, miljømessig verknader og langsiktige og trygge rammer for næringa i regionen. Denne kan leggjast opp som scenario-modell der ulike rammevilkår vert lagt til grunn.

Maritim næring:

Registrering av eksisterande næringsareal til sjø og analyse av moglegheiter for nye regionalt viktige areal.

Kulturminne:

Oppdatering av kulturminne-registreringar gjennom systematisering og tilrettelegging av eksisterande opplysningar og registrering av til dømes sjøbruksmiljø i planområdet.

5.3 Konsekvensutgreiing (KU):

Regionale planar med retningsliner eller rammes for framtidig utbygging skal *jamfør Forskrift om konsekvensutredninger* (FOR 2009-06-26) handsamast etter forskrifta. Normalt vil det være krav om KU når det vert vist konkrete område med utbyggingsføremål. Konsekvensutgreiinga skal skildre og vurdere verknadene planen kan få for miljø og samfunn.

Vedlegg III i forskrifta legg rammene for innhaldet i sjølve konsekvensutgreiinga og kva for tema som skal utgreiast.


Planen sine verknader for følgjande tema skal utgreiast i konsekvensutgreiinga:

Tema	Konkretisering
Forureining og utslepp	Her er det først og fremst tenkt utslepp til vatn, både forureinande materiale og smittestoff. Planframlegget sine verknader i høve til lakselus må også utgreiast.
Transportbehov og energibruk	Ved ny struktur for næringsområde på land og i sjø skal transportbehovet og energibruken utgreiast.
Kulturminne og kulturmiljø	Dette vert ein del av kunnskapsgrunnlaget, men også planframlegget sine verknader for dette temaet skal utgreiast.
Naturmangfald	Planframlegget sine verknader på naturmangfaldet skal synleggjerast med utgangspunkt i § 8-12 i naturmangfaldlova. Gjennom data frå Hardangerfjordprosjektet kan ein vurdere økosystemtilnærming og samla belastning.
Landbruk, landskap og friluftsliv	Utbyggingsstrukturen på land og i sjø skal utgreiast i høve til verknader på dyrka mark, landskapet og høve for friluftsliv.
Jordressursar	Eventuelle verknader på dyrka mark skal utgreiast.
Beredskap og ulukkesrisiko	Det må utarbeidast risiko- og sårbaranalyse(ROS) for planframlegget. Her må det mellom anna vere fokus på havnivåstigning og ekstremver.
Samfunnsverknader	Verknader for kommuneøkonomi, næringsliv og arbeidsplassar.

6. Planprosessen

For å sikre stor oppslutning om planarbeidet og ivareta relevante behov og interesser, er det viktig å forankre planen breitt. Det vil i planarbeidet vere særleg viktig med representasjon frå statlege og kommunale verksemdar, då ein regional plan skal leggjast til grunn for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, jf. Plan- og bygningslova § 8-2. I tillegg er det også viktig med representasjon frå institusjonar, næringsrepresentantar, frivillige organisasjonar og lag som planen vedkjem.

6.1 Organisering og deltakarar



- **Politisk styringsgruppe** med to medlemmar frå Fylkeskommunen, to frå samarbeidsrådet sine medlemmar og ein frå kommunane Fusa, Kvam og Jondal.
- **Prosjektgruppe** med administrative representantar frå kommunane og statlege organ.
- **Temagrupper** (kystsoneplanlegging, strandsone, akvakultur og sjøtransport/maritim næring).
- **Referansegruppe** – samling av dei aktuelle offentlege organ, lag og organisasjonar som deltek i temagruppene og er høyringspartar.
- Det vil på internettsida www.hordaland.no/regionalplan-sunnhordland vere oppdatert oversikt over møte og arenaer for deltaking. Der finn ein også kontaktinformasjon og høyringsinnspel.

Høyring

Høyring av planen vert i samsvar med § 5-2 i plan- og bygningslova. Høyringsinstansane får planforslaget tilsendt med minimum seks vekers høyringsfrist. Høyringa vert kunngjort i større regionale aviser og på internett.

6.2 Politisk handsaming og medverknad

Fylkestinget vedtek den endelege planen etter høringsrunden på bakgrunn av innstilling frå Fylkesutvalet.

Fylkesutvalet vedtek høyringsforslag til plan og innstiller til Fylkestinget om vedtak av plan på bakgrunn av handsaming i andre fagutval og innstilling frå fylkesrådmannen. Fylkesutvalet vert jamleg orientert om framdrifta i planarbeidet og kan gjere endringar i framdriftsplanen.

Kultur- og ressursutvalet gir tilråding til fylkesutvalet om høyringsforslag og planvedtak etter handsaming i **Samferdselsutvalet** og **Opplærings- og helseutvalet**.

Fylkesrådmannen gir innstilling til alle politiske utval på bakgrunn av arbeidet i styringsgruppa for planarbeidet.

Medverknad

- Relevante offentlege organ: Fylkesmann, Fiskeridirektorat, Mattilsynet og Kystverket.
- Næringsrepresentantar – bør inviterast inn i temagrupper. Aktuelle: Fiskeri- og havbruksnæringens Landsforbund (FHL), Fraktofartøyredernes forening, Fiskeriorganisasjonar, fiskehelsenettverk
- Interesseorganisasjonar: friluftsråd, naturvernforbundet, båtorganisasjonar med fleire.
- Forsking: Havforskningsinstituttet har jobba med Hardangerfjordprosjektet i ein 5-årsperiode og deltek også i utvikling av Akvavis saman med Christian Michelsen Research (CMR). Det er viktig å få tilgang til dette datamaterialet, tilrettelagt for bruk i planarbeidet. Følgforskning kan også vere aktuelt.
- Temagruppene vil vere viktige fora for fagleg diskusjon av plantema.

6.3 Framdrift

Etter at planprogrammet er vedtatt i Fylkesutvalet startar planarbeidet formelt. Planprosessen har fire hovudfaser; kunnskapsinnhenting som går parallelt med utforming av planforslag, høyringsfase og vedtaksfase. Endeleg vedtak i Fylkestinget vert i juni 2015.

2012				2013				2014				2015	
1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2
		Planprogram											
		Kunnskapsinnhenting											
		Planforslag											
											Høyring		
													Vedtak

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet.

Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 BERGEN

Tlf: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no